

Tilskot til litteraturfestivalar

Rettleiing til søknadsskjema og rekneskaps- og budsjettskjema

Ved tildeling av midlar til litteraturfestivalar vil Kulturrådet leggje vekt på god kunstnarleg utvikling og profesjonell organisasjon og på at festivalen har forankring og er viktig i sin region. Vidare vil ein prioritere festivalar som

- tilbyr opne litteraturarrangement for mange publikumsgrupper
- blir arrangerte årleg eller annakvart år
- har eit styre som står ansvarleg for drifta, og ei organisasjonsform som sikrar kontinuitet
- får offentleg tilskot frå eigen region

Søknaden skal innehalde desse opplysningane i eige brev (ca ei side):

- kunstnarlege målsetjingar, programstrategi og målgrupper for festivalen
- informasjons- og marknadsføringstiltak
- arrangørtekniske forhold
- organisasjonsform og styresamansetjing
- festivalperiode og kor lenge festivalen varer
- grunngiving for søknadssum
- budsjettert publikumstal

Søknaden skal innehalde desse vedlegga:

- Ferdig utfylt søknadsskjema
- Ferdig utfylt rekneskaps- og budsjettskjema
- (Førebels) program for året i åtte eksemplar
- Nye søkjarar, eller søkjarar som ikkje mottok støtte i førre år, skal leggje ved dokumentasjon over verksemda dei siste tre åra: program, årsrapport og rekneskap
- Heilt nye søkjarar skal leggje budsjett og programskisse ved søknadsskjemaet

Søknaden skal liggje føre skriftleg i eitt komplett eksemplar med original underskrift. Søknadsskjemaet og rekneskaps- og budsjettskjemaet skal leggjast ved i utfylt stand. Programmet og eventuelle trykksaker skal leggjast ved i åtte eksemplar. Endeleg program skal ettersendast.

Saksbehandling

Søknaden blir behandla i Kulturrådets fagutval for litteratur. Utvalet vil anten avgjere tilskotet (under kr 200 000) eller leggje fram ei tilråding for Kulturrådet (over kr 200 000), som fattar vedtak i saka.

Søkjarar blir informerte skriftleg om Kulturrådets vedtak i eige brev innan 1. april. Klage på vedtak fatta av Norsk kulturråd kan rettast til Kultur- og kyrkjedepartementet når det gjeld saksbehandling og rettsbruk, men ikkje når det gjeld Kulturrådets faglege skjønn, jf. kongeleg resolusjon av 20. november 1987.

Søknadsfrist: 1. februar